

Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune
JULI OG AUGUST 2025



**Vi ynskjer alle ein rektig
god sommar!**

LJOMSNOTEN 1268 MOH
VALEFJELL 1161 MOH
MASTA 910 MOH
HOMFJELL 953 MOH
VALLE 315 MOH

**2025
VALLE SKYRACE**
16.AUGUST

VALLE SKYRACE – MEIR ENN BERRE EIT FJELLØP!
EI HEILHELG SPEKKA MED OPPLEVINGAR FOR BÅDE STORE OG SMÅ!
SPEKTAKULÆRT FJELLØP
DET BLIR BARNELØP I SENTRUM
SKIKKELEG BYGDEFEST PÅ BERGTUN HOTEL
PÅ KVELD MED KJETIL LUND M/BAND – EKTE VALLE-STEMNING!
KLAR FOR EI UTFORDRING I VILL OG VAKKER NATUR?
BLI MED PÅ LØPEFESTEN I VALLE – ME GLER OSS TIL Å SJÅ DEGI

14KM
700
HØYDEMETER

26KM
1400
HØYDEMETER

43KM
2600
HØYDEMETER

86KM
5200
HØYDEMETER

PÅMELDING

Valle Sport - allstøtt med deg

Valle IL

Valle Sport
KORLEGGAR
UPPSTAD VVS
BROKKE
Valle Sparebank
HYLESTAD
Valle
joker
Knut Hovet

Seminar, konsertar,
kappleik, kurs og dans
**SETESDAL
FOLKEMUSIKK-
FESTIVAL**
Rysstad, 1. – 3. august

2025

TRIAKEL
ANNE KARIN KAASA
KIRSTEN BRÅTEN BERG
PAUL OTTO BRUNSTAD
GRETE FAREMO
ANNBJØRG LIEN
DANIEL SANDÉN-WARG
VILBORG STUBSEID HOVET
RAGNHILD FURHOLT
SIGRID K. JORE

Setesdal Spelemannslag



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

OPNINGSTIDER I SOMMAR

Valle kommunehus

Frå veke 29 til og med veke 31 er kommunehuset og sentralbordet ope frå kl. 10-14.

Sentralbord: 379 37 500

Valle helsehus

Valle og Bykle legekantor har samdrift i Bykle frå og med veke 25 til og med veke 32.

Legekontoret: 379 38 670
Legevakt: 116 117

Setesdal barnevern

Kontortid frå 8-15 kvar dag.
Utanom kontortid er dei tilgjengelege på tlf: 38 07 54 00.

Ring sentralbordet 379 37 500 for kontakt med barnevernet i kontortida.

Valle tannklinikk:

Valle tannklinikk er stengt i veke 28 til og med veke 30.

Tannlegevakta i Kristiansand har ope laurdagar og sundagar og tek imot pasientar ved akutt behov.
Telefon: 970 07 821

Rona og Vågsbygd har vakt for Valle i vekedagane dei vekene det er stengt.
Rona: 38 12 25 00
Vågsbygd: 38 53 12 80

Valle bibliotek:

Måndag til fredag 23. juni til 16. august
Kl. 10-15.

Mei rope utanom opningstidene.

KOMMUNEN INFORMERER

Bygdenytt august

Det blir ei utgåve av bygdenytt i august også for dei som ikkje får med arrangement i denne utgåva som blir sendt ut i starten av august.

Bergtun turistinformasjon

Valle kommune kjøper tenesta for turistinformasjon av Bykle Hotell. Informasjonen er lokalisert i Gamle Bergtun hotell som har ope kvar dag i tida juni til september.

Veke 27 til og med fredag i veke 33
kl. 10 - 17.

Frå laurdag i veke 33 til og med veke 35
kl. 11-15.

Leige av minibuss:

Når du leiger minibussen i Bookup er det viktig at du ikkje vel leigetid lenger enn den tida du skal bruke bussen. Dette er for at fleire skal ha moglegheit til å bruke den i løpet av ein dag.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Valle kulturskule

Valle kulturskule ynskjer alle elevar og føresette ein riktig god sommar! Samtidig ynskjer vi nye og gamle elevar velkomne til nytt kulturskuleår, med oppstart i veke 34.

Open idrettshall i sommar:

Det blir open idrettshall i sommar på same viset som det har vore i helgene. Sjå skriv lenger bak i Bygdenytt for meir informasjon.

**Frist for innsending til Bygdenytt
for siste del av august er 25. juli.**

Onsdagskafeen

*Onsdagskafeen har sommarferie fram til
20. august.*

Onsdag 20. august kl. 11:

"Toner mot høst" ved Tore Frøyshol på fløyte og song og Rasmus Solem på piano og song.

Onsdagskafeen opnar kl. 10.30!



Bruktbutikken treng fleire frivillige medarbeidarar – både kvinner og menn i alle aldrar!

Kan du tenke deg å bidra nokre timar i månaden, eller stille opp som vikar ved sjukdom? Då vil vi gjerne ha deg med på laget!

Opningstider er kvar torsdag og fredag kl. 16.00–19.00 samt den 3. laurdagen i månaden.

Bruktbutikken er meir enn ein butikk – det er ein triveleg, sosial møteplass med godt humør og god stemning. Du jobbar aldri åleine – vi er som regel to på vakt.

Vanlege oppgåver:

- Ta imot og hjelpe kundar
- Prise og plassere varer
- Skape ei god oppleving for alle som kjem innom

Overskotet frå butikken går uavkorta til gode føremål i nærmiljøet. Sidan oppstarten har vi delt ut om lag 200.000 kroner kvart år til lokale lag og organisasjonar.

Har du lyst til å vere med og bidra?

Ta kontakt med **Anne Lise Hovet** på telefon **995 00 607**.

Vi gleder oss til å bli kjent med deg!

No kan frivillige organisasjonar søkje momskompensasjon

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele 2,65 milliardar kroner i momskompensasjon til frivillige organisasjonar i 2025.

Føremålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet. Dette blir gjort ved å godtgjere for kostnader som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Organisasjonen må vere registrert i Frivilligregisteret, og frivillig innsats må vere ein viktig del av verksemda for å søke.

Søknadsfristen er 1. september 2025.

Det kan søkast etter to modellar. Minstegrensa for å søke etter *forenkla modell* er 100 000 kroner i søknadsgrunnlag, og etter *dokumentert modell* er det 7 000 kroner i faktiske meirverdiavgiftskostnader. Grensene gjeld ikkje for organisasjonar som skal søke gjennom sentralledd.

Merk: Organisasjonar som er knytt til eit sentralledd (for eksempel Norges idrettsforbund, Norske Kvinners Sanitetsforening eller liknande) skal sende søknaden via dei. Sentralledda har eigne søknadsfristar som er tidlegare enn Lotteri- og stiftelsestilsynet sin frist.

[Les meir om ordninga på Lotteri- og stiftelsestilsynet sin nettstad.](#)

HUGS å sende informasjon om arrangement og aktiviteter til oss på sentralbord@valle.kommune.no, så legg vi det inn i aktivitetskalenderen på heimesida til Valle kommune!

KYRKJA I JULI OG AUGUST

OPNE KYRKJER

Valle kyrkje

Open frå kl. 10.00 – 20.00. Frå 23. juni til og med 17. august.

Hylestad kyrkje

Open frå kl. 10.00 – 20.00 frå 9. juni til og med 17. august.

Gudstenester

Hylestad kyrkje søndag 6. juli kl. 14.00

med prest Kristina Grundetjern og organist Eirik Hodnemyr.

Valle kyrkje søndag 27. juli kl. 11.00 med prest Kristian Mosvold og organist Oddbjørn Stakkeland.

Tveitetunet søndag 17. august kl. 12.00 med prest Tom Martin Berntsen og organist Eirik Hodnemyr.

Valle kyrkje søndag 31. august kl. 11.00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie og organist Eirik Hodnemyr.

Møte med Henrik West i kyrkjestoga onsdag 2. juli kl. 18.00. Alle er velkomne til eit gjensyn med vår tidlegare organist Henrik West. Det vert kake og kaffe.

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle,

tlf. 977 84 706,

e-post:

post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda



Velkomen til Setesdalsmuseet

Ope kvar dag kl. 10-16
24. juni - 10. august

Hovden Jernvinnemuseum
Bykle gamle kyrkje · Lislestog ·
Huldreheimen
Rygnestad museum
Setesdalsmuseet Rysstad
Bygland tun · Bjoren
Evje Mineralsti
Evje og Hornnes geomuseum
Fennefoss
Evmoen Forsvarsmuseum
Iveland og Vegusdal bygdemuseum

UTSTILLING

Løyni

gøymestad i Setesdal

Velkomen til eit møte med
setesdalskulturen gjennom drakt,
folkemusikk og
handverkstradisjonar.

Opningstider

I sommar kan du oppleve to store
utstillingar på Setesdalsmuseet.

I utstillinga Portrettmeistaren Olav
Bjørgum møter du kjente og ukjente
verk frå Bjørgum-samlinga.

Den nyopna utstillinga Løyni viser fram
setesdalskulturen gjennom drakt,
handverkstradisjon og musikk.

Frå 24. juni til 10. august er museet og
alle tuna våre ope kvar dag frå
10:00-16:00. Velkomne!

SLÅTTEDAG

Rygnestadtunet Laurdag 12. juli

Kl 11.00 - ca 14.00

Ijåslått · hesjing · sliping/bryning
aktivitet for born · felespel · historieforteljing

gratis slåttegraut kl 12.00



O L A V
PORTRETTMEISTAREN
BJØRGUM



UTEKONSERT MED OLE OG SILJE

Bergtun Hotell
23. august
kl. 19:00

Ole og Silje Huleboer er ein musikkduo som debuterte med albumet 'Sounds Good!' i 2016. Musikken deira blandar pop, bossa nova og vise. Laurdag 23. august kjem dei til Bergtun Hotell for å halde utekonsert.

Arrangør: Folkeakademiet Valle
Billettar: kr 100 mdl, kr 200 ikkje mdl

**FOLKE
AKAD
EMIET**

VELKOMEN TIL

SOMMAROPEN IDRETTSHALL

Alle dagar kl. 12.00-21.00



For å kome inn bruker du appen SolverApp og søker opp dør som heiter «Open hall» for å låse deg inn.

Trivselsreglar:

1. Alle ryddar etter seg sjølve og dei som dei er saman med.
2. Alle kan også rydde etter andre dersom det trengst.
3. Tak omsyn til kvarandre.

Eitt av utstyrlagera er ope og kan nyttast når det er meiropen (ubemanna) idrettshall.
Hugs: Det du har brukt, skal du leggje på plass. Også sjølv om nokon andre allereie hadde henta fram utstyret før du kom.

To garderobar/toalett vil vere opne. Fint om alle bidreg til å halde det ryddig der også!

Barn under 12 år skal vere i følgje med vaksen.

Konsert i dagsturhytta onsdag 23. Juli kl 17.00.

I samband med Friluftslivets år 2025 held saxofonist og Spellemannprisvinnar Harald Lassen gratiskonsertar ved dagsturhytta i Valle 23. juli kl. 17.00.

Han speler akustisk og utan teknisk utstyr – ei unik oppleving i naturen, open for alle.

«Naturen gir oss mykje – men krev også at vi deltek», seier Lassen.

Harald Lassen kjem frå Greipstad, er ein erfaren jazzmusikar og har spelt med mange kjende artistar. I 2024 vann han Spellemannsprisen for albumet *Balans*.

Konserten blir halde uansett ver.

HARALD LASSEN
Dagsturhytte-turné 2025

25 hytter 25 kommuner 15. - 31. juli





Sommaren 2025

Veke 28

7.7	14:00 Setesdalsmuseet
	15:30 Bykle gamle kyrkje
8.7	15.00 Spisekroken, Evje
	16.00 Odden Camping
9.7	14.00 Stoga, Bygland
	16.00 Sølvgarden Hotel
10.7	15.00 Bergtun, Valle
	17.30 Hovdestøylen
11.7	15.00 Brokke Alpinsenter
	16.30 Ose Turistheim

Veke 29

14.7	14:00 Setesdalsmuseet
	15:30 Bykle gamle kyrkje
15.7	14.00 Bergtun, Valle
	16.00 Revsnes Hotel
16.7	14.00 Bygland Museum
	16.00 Sølvgarden Hotel
17.7	14.00 Rygnestadtunet
	16.00 Bakken Cafe, Hovden
18.7	15.00 Evje Geomuseum
	Fennefoss
	16.00 Dølen Hotel

Veke 30

21.7	14:00 Setesdalsmuseet
	15:30 Bykle gamle kyrkje
22.7	13.00 Mineralstien, Evje
	15.00 Neset Camping
23.7	12.00 Bjoren
	13.30 Bjoren
	16.00 Sølvgarden Hotel
24.7	15.00 Reiårsfossen Camping
	17.30 Hovdestøylen
25.7	13.00 Coop Ose
	15.00 Brokke Alpinsenter

Setesdalsmuseet

VEL BEVART, GODT FORTALT

Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS,
saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.





Orgelsommar i Valle kyrkje, 2025

<i>onsdag, 25. juni</i>	Domkantor Elsebeth Lütcherath og klarinetrist Kari Ingelsrud
<i>onsdag, 2. juli</i>	Organist Henrik West
<i>onsdag, 9. juli</i>	Organist Andrea Maini , song ved Renate Aasen med akk. organist Eirik Hodnemyr
<i>onsdag 23. juli</i>	Organist Ian Richards
<i>onsdag, 30. juli</i>	Organist Sverre Eftestøl og Bjarne Stølen

Alle konsertane startar kl. 19:30, har fri entre og kollekt.



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad

Påmelding for fotballsesongen 2025

VIL DU
VÆRE
MED?



Valle Idrettslag si fotballgruppe ønsker velkommen til påmelding for fotballsesongen 2025 som begynner etter haustferien.

Vi håpar på mange engasjerte spelarar, og vi treng din hjelp for å få til ein fantastisk sesong.

Viktig! Påmeldinga må gjerast innan 1. juli 2025 for å sikre at vi kan melde på rett antal lag basert på påmeldte spelarar.



PÅMELDING:
[FORMS](#)

THUNDER VALLE
4.-6. JULI 2025
D R A G W A Y
Setesdal Luft- og Motorsportsenter
DRAGRACE

NM DRAGRACE
STREET LEGAL
MOTORSYKKEL



Det blir kjøring:
Fredag kl. 12.00 - ca 17.00
Lørdag kl. 09.00 - 17.00
Søndag kl. 09.00 - stevnets slutt

Mer info på JDRK.net



SETESDALSTREFFET

19. JULI 2025 KL 11:00



VETERAN - / ENTUSIASTKØYRETØYTREFF
RYSSSTAD MIDT I SETESDAL
500 METER SØR FOR SØLVGÅRDEN

For info, ring
Jan Olaf: 906 15 526
eller Kurt: 476 83 605

FREDAG 1. AUGUST



Foto: Sebastian Ludvigsen

Foto: Kjell Bjosføy

10:00 SEMINAR OM TRADISJON OG UTVIKLING

Paul Otto Brunstad: «Røter og føter – om visdom og ord med fester i jord»

Grete Faremo: «Slik ein utflytta Sæbygje ser det»

Marit Stranden: Levande tradisjonar som sosial berekraft

Annbjørg Lien: Sætedsfolk – UNESCO Sætedal

Stad: Sætedalismuseet

Billett: kr. 300

14:30 KURS I MUNNHARPE, DANS OG KVEDING

– 17:00

Munnharpe for videtekomne v/ **Daniel Sandén-Warg**

Munnharpe for nybegynnare v/ **Vidar Frøysnes**

Gangardans v/ **Tor Espen Helle** og **Birgit Annette Helle**, spilemann **Stina Brandin**

Stad: Hyltestad soknehus

Kveding v/ **Ragnhild Furholt**

Stad: Sætedalismuseet

Billett: kr. 300

Opnøtte kl. 14:00!



19:00 OPNING AV SÆTEDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL

v/storingsrepresentant **Gro Anita Mykjåland STIPEND**

Utdeling av Sparebanken Sør sitt folkemusikstipend v/ **Eva Haugland Asland**

MINNEKONSERT

om **Halvdan Furholt**, **Bjørghulf Straume**,

Sigmund Skomedal og **Gunnar Stubseid**

Musikalske innslag av tidlegare elevar av dei.

Aktivopptak og filmframvisningar.

Stad: Hyltestad soknehus

Billett: kr. 300

21:00 KONSERT MED TRIAKEL

Triakel er ei svært populær folkemusikkgruppe som i ei årreke har bergteke publikum mange stader i verda.

Med sitt unike musikalske uttrykk som både er lågmælt

og lada gir dei oss tradisjonelle viser, oftest med opphav

i Jämtland og Helsingland. Gruppen består av

Emma Hårdelin (vokal, fele), **Kjell-Erik Eriksson** (fele)

og **Janne Strömstedt** (trøengel).

Stad: Hyltestad soknehus

Billett: kr. 300

LAURDAG 2. AUGUST



Foto: Kåre Nerre Kjetset

Foto: Arild Danielsen

09:00 «BITA»

Sentrumfrukost med konsert av **Lindaas** og **Wiederkehr**

Stad: Coop Prix Hyltestad

Gratis!

11:00 LADEKAPLEIK FOR BARN

Stad: Hyltestad soknehus

Gratis inngang!

12:00 KAPPELEIK I SPEL, DANS OG KVEDING

Stad: Hyltestad soknehus

Billett: kr. 300

13:00 BARNEKONSERT

– **Ei musikalsk hyggjestund for dei små!**

Bl med **Malja Lindaas**, **Endre Stulien Robstad** og

Inger Lise Stulien

Dette er ikkje berre ein konsert – det er ei aktiv og engasjerande

oppleving for dei små, der dei blir inviterte med inn i samspelt

gjennom ryhme og songleida. Velkomen!

Stad: Sætedalismuseet

Gratis inngang!



Foto: Elisabeth Emmehoff

Foto: Isa Holmgren

Foto: Geir Daasvatn

20:00 PREMIEUTDELING

Stad: Hyltestad soknehus

Gratis inngang!

21:00 DANS

Sindre Tronrud, **Svein Kjerland**

Eivind T. L. Knutsen og **Bordun spelemannslag**

Stad: Hyltestad soknehus

Billett: kr. 300

SUNDAG 3. AUGUST



12:00 KONSERT I AUSTAD KYRKJE

med **Anne Karin Kaasa**, Bygdekoret **Kong Hanes** eft. og medlemmer i **Setesdal Spelemannslag** og barn frå Bygland.
Billett: kr 300

14:00 SAMLING PÅ HISTORISK GRUNN VED KYRKJEGARDEN PÅ AUSTAD

med **Vilborg Stubseid Hovet**, **Daniel Sandén-Warg**, **Sigrid K. Jore**, **Eldbjørg Trydal Rystad**, **Jan O. Rystad** med flere.

Billett frå Austad kyrkje og gjennomgangsbillett gjeld.

Efter programmet kan publikum kjøpe middag på Ose turistheim.

BILLETPRISAR

Gratis inngang under 18 år.
Kr 300 per arrangement.
Gjennomgangsbillett: kr 1200
Det er gratis inngang på Setesdalsmuseet ved framsyning av gjennomgangsbillett.

PREMIAR

Delaktarpremie frå
Dale Bunadssylv.
Krosslauv



OVERNATTING

Overnattning kan tingast på Sølvarden Hotell og Feriesenter:
post@solvgarden.no eller på telefon 37 93 61 30

KONTAKT

E-post: post@setesdalspelemannslag.no
www.facebook.com/setesdalspelemannslag

PÅMELDING

NB! Påmelding til kappelek før kl. 15:00 same dag!

MATSALG

Det blir sal av tradisjonell og kortreist mat!

SPONSORAR



Bykle kommune



AGDER
fylkeskommune



Valle kommune



Setesdal
interkommunalt
politisk råd



Bygland kommune



Kulturrådet



- alliert med deg



KJETSÅ DESIGN • KAI HANSEN TRYKKERI

SETESDAL FOLKEMUSIKK- FESTIVAL

Rystad, 1. – 3. august

2025

TRIAKEL

ANNE KARIN KAASA
KIRSTEN BRÅTEN BERG
PAUL OTTO BRUNSTAD
GRETE FAREMO
ANNBJØRG LIEN
DANIEL SANDÉN-WARG
VILBORG STUBSEID HOVET
RAGNHILD FURHOLT
SIGRID K. JORE



Bispevegmarsjen, laurdag 2. august



Bispevegmarsjen er i underkant av ein 30 km lang turmarsj som går frå Fyresdal til Valle. Marsjen tek deg opp på 1100 meters høgde. Turen startar ved Nøs før Øysædammen i Fyresdal og avsluttast ved klubbhuset til Valle IL ved fotballbanen. Det er eit flott heieområde med variasjonar frå frodige skogslir og myrområde til høg fjellsområde.

Ein må vere i såpass god form at ein klarer å gjennomføre turen innan kl. 18.00. Ha med niste og drikke då det ikkje er matstasjon undervegs. Det vert enkelt matsal i målområde.

Busstransport frå Valle skule kl. 06:30.

Buss:	Vaksne, kr. 300,-
	Barn t.o.m. 16 år, kr. 200,-
Startkontingent:	Vaksne, kr. 150,-
	Barn t.o.m. 16 år, kr 100,-

FINE TREKKPREMIAR TIL DEI SOM GÅR MARSJEN

Valle IL sender betalingskrav til påmeldte i etterkan.

Påmelding på denne linken: <https://forms.office.com/e/j5Y8zBWR1H>

Eller QR-kode



Arrangør: Valle IL og Fyresdal IL som ynskjer deg velkomen til ein flott dag over fjellet.

Kursplan haust 2025

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinnelag, Bondelaget eller Skogeigarlaget betalar 40 kr. pr. kurstime medan andre betalar 60 kr.pr. kurstime. For å betale medlemspris må ein personleg vere innmeldt i eit av desse laga innan kursstart.For alle kursa gjeld det at deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2025.



DETTE ER DEI KURSA DER DET FRAMLEIS ER LEDIGE PLASSAR, MEN VER RASK HVIS DU VIL MELDE DEG PÅ !!!!

Kurs:	Innhald:	Lærer:	Tidspunkt og stad:	Pris og påmelding:
Tevlingjure 50 timar 	Veve tevlingjure på flatvev	Karin Bøe	Oppstart torsdag 4.sept. Kl.17-22 Venemold	Kr.2000/3000 + materiell Maks 6 stk. (dersom det er 6 ledige vevstolar) Påmelding til Kristine Jore innan 15.aug.
Bakekurs  10 timar	Bake lefse og braud. 2.laurdagen kan ein velgje sjølv kva ein vil bake. Til dømes eplekaker eller hardangerlefser.	Anna Rysstad og Inger Liv Rysstad	Laurdag 11.okt. og 18. okt. Kl.10-15 I bakekjellaren på Valle skule	Kr.400/600 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland innan 15.sept. Ved stor pågong vert det sett opp ekstra kurs two laurdagar i november
Jolekuler  6 timar	Strikke jolekuler i ulike størrelsar	Marianne Solbakk Lye	Onsdag 5.nov. og 12.nov. Kl.18-21 Husfliden	Kr.240/360 + materiell Maks 10 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland innan 15.okt.

Kontaktpersonar til kursa: _____ Ingunn Anette Bratteland: tlf.997 14073, e-post: ingunn73@hotmail.com

Kristine Jore: tlf. 482 03216, e-post: kristinejore66@gmail.com

- Kursa må ha minimum 5 påmelde for at dei vert sett i gong.
- Kursa skal betalast på vipps til kontaktpersonen fyrste kurskvelden
- Lengre kurs som går over to semester skal betalast i to omgonger. Halve kurset på hausten og halve på våren.
- Me er også på Facebook :»Studieforbundet kultur og tradisjon Valle«



Bygdekinoen

Det er ikkje lagt inn program på bygdekinoen i sommar. Kvar enkelt kan inn på bygdekinoen og velje Hylestad soknehus for å sjå neste kino.



OPNINGSTIDER VALLE BIBLIOTEK

SOMMAREN 2025:

Måndag til fredag

23. juni til 16. august

kl. 10.00-15.00

Stadig fleire finn vegen til dagsturhytta Lauvåsloftet i Valle!



Det er eit «renn» av folk, både fastbuande og tilreisande, til dagsturhytta Lauvåsloftet i Valle!

Med enkel tilgang og stiar frå parkeringa på baksida av gamle Valle sentrum ventar skog og li, bekkar og lundar, langs gamle ferdselsvegar som har fått nytt liv. Ta turen du og!

Frist for innsending til Bygdenytt for august er 25. juli.

Kva skjer? Aktivitetsskalenderen - Valle kommune

02.07. Kl. 1930.	Orgelkonsert, Valle kyrkje
02.07. Kl. 18	Møte med Henrik West, Kyrkjestoga
04-06.07. Kl. 12.	Thunder Valle, Åraksøyne
06.07. Kl. 14	Gudsteneste, Hylestad kyrkje
09.07. Kl. 1930.	Orgelkonsert, Valle kyrkje
12.07. Kl. 12.	Brokke vertical, Brokke alpinsenter
19.07. Kl. 11.	Setesdalstreffet, Rysstad
23.07. Kl. 17.	Konsert med Harald Lassen, Dagsturhytta
23.07. Kl. 1930.	Orgelkonsert, Valle kyrkje
27.07. Kl. 11.	Gudsteneste, Valle kyrkje
30.07. Kl. 1930.	Orgelkonsert, Valle kyrkje
01.08. Kl. 10.	Setesdal folkemusikkfestival, Hylestad Soknehus
02.08. Kl. 10.	Setesdal folkemusikkfestival, Hylestad Soknehus
02.08. Kl. 9.	Bispeveg marsjen, Fyresdal—Valle
03.08. Kl. 10.	Setesdal folkemusikkfestival, Hylestad Soknehus
16.08. Kl. 9.	Valle skyrace, Valle sentrum
17.08. Kl. 12.	Gudsteneste, Tveitetunet
20.08. Kl. 11.	Konsert, Valle bygdeheim
23.08. Kl. 19.	Utekonert, Bergtun Hotell